

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Kommunedelplan for Vinstra - høyring og offentlig ettersyn, Ungdomsrådet

Utval	Saksnr	Møtedato
Ungdomsrådet (UDR)	18/26	08.09.2026

Saksbehandler	Journalpost
Hanne-Kristine Risdal	26/22630

Vedlegg:

Kommunedelplan for Vinstra - 1. gongsbehandling
Planføresegner
Plankart
Planomtale
Konsekvensutgreiing
ROS
Trafikkanalyse Vinstra
Byggeskikkveileder Vinstra sentrum

Kommunedirektøren legger saka fram for Ungdomsrådet med følgjande

Forslag til vedtak:

Ungdomsrådet har følgjande innspel til planforslaget:

- 1.
- 2.
- 3.

Historikk i saken

Ungdomsrådet fekk orientering om forslag til kommunedelplan for Vinstra i møte den 17.06.2026. Utval for miljø, landbruks- og arealsaker (MLA) vedtok å leggje planforslaget ut til høyring og offentlig ettersyn i perioden 25.06.–3.09.2026.

Det blir i denne saka lagt opp til at Ungdomsrådet kan kome med sine innspel til planforslaget.


Alle plandokument og relevante grunnlagsdokument er lagt ved saka. Det er også laga ei «kartforteljing» av planforslaget som er lagt ut på kommunen si heimeside:

Sjå Storymap her: <https://storymaps.arcgis.com/stories/bb13a43fa267413fba64a443f573aabc> .

Fakta

Planområdet

Planområdet tek utgangspunkt i Vinstra sentrum og omfattar eksisterande bustad- og næringsområde både på aust- og vestsida av Gudbrandsdalslågen. I sør og vest følgjer plangrensa i hovudsak reguleringsplanen for Rustmoen, medan bustadområdet ved Huskero er teke med. Mot nord omfattar planen mellom anna Lomoen, regulerte næringsområde og bustadområda i Sorperoa og Knutsmorka. På austsida av Lågen omfattar planområdet bustadområda i Øvre Vinstra og Toksefeltet, Sødorp og områda mot Øya gard.



Kartutsnitt som viser plangrense for kommunedelplan for Vinstra.

Hovudinnhald i planforslaget

Planforslaget legg opp til å dekkje behovet for bustadareal på Vinstra dei neste 20–30 åra. Det blir særleg lagt til rette for fortetting og sentrumsvennleg aktivitet og funksjonar, samt bustad- og leileghetsprosjekt inntil og innanfor definert sentrumssone. Blant anna er det lagt opp til bustadformål kombinert med forretning på arealet ved Peer Gynt senteret. Det er også lagt inn kombinert bustadformål med offentleg-/privat tenesteyting på Folkets hus og Nordre Byre.

I dei sentrale områda sør for Vinstragata er det lagt inn sentrumsformål. Innanfor desse områda kan det etablerast sentrumsvennlege aktivitetar, som til dømes detaljvarehandel, servering, leilegheiter, offentleg og privat tenesteyting, grønt areal, gang-/sykkelvegar o.l.

Planforslaget følgjer opp kommunestyret sitt vedtak om plassering av ny 1–10-skule ved Sødorp. Det er også sett av areal til framtidig helsebygg på Slåen-/Furuheim-området, medan området ved Vinstrahallen er vidareført som forslag til lokalisering for kulturtenester.

Det er gjennomført trafikkanalyse som viser at vegnettet har tilstrekkeleg kapasitet til den utviklinga planen legg opp til. Samstundes blir det tilrådd tiltak for å betre tilhøva for mjuke trafikantar, og få fleire til å gå og sykle, ved blant anna beplantning, fysiske tiltak i vegareal og meir gangareal i handels- og sentrumsområda. Planen vidarefører også framtidig gangbru over Lågen.

Planen vidarefører viktige eksisterande område for idrett, grønstruktur og friluftsliv. I tillegg er det lagt inn nytt areal for skileik (idrettsformål) ved Eidesand, som etterbruk på eksisterande

massedeponi. Det er også lagt inn krav til uteareal i nye utbyggingsprosjekt i sentrum. Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsareal i eksisterande grøntområde.

I føresegnene er det lagt inn føresegner om universell utforming og tilgjengelegheit.

I samband med planarbeidet er også alle eksisterande reguleringsplanar innanfor planområdet gjennomgått. MLA har vedteke at ei rad av desse planane skal opphevast. Kommunedelplanen vil danne det nye plangrunnlaget for dei reguleringsplanane som blir oppheva.

Kommunedirektøren viser elles til saksframlegget for MLA-sak 46/26, og vedlegg til saka 18.06.2026, for utfyllande skildring og informasjon om planforslaget.

Vurdering

I plan- og bygningslova er barn og unge trekt fram som ei viktig gruppe som det skal takast omsyn til i planarbeid. Ungdomsrådet er såleis ein viktig høyringspart i samband med kommunedelplanen. For Ungdomsrådet er det særleg interessant å vurdere om planforslaget legg godt nok til rette for eit attraktivt, trygt og inkluderande Vinstra for barn og unge – både i dag og i framtida.

Ungdomsrådet har eigne erfaringar med å bu, gå på skule, ferdast og vere aktiv på Vinstra. Desse erfaringane kan gi nyttige innspel til korleis Vinstra kan utviklast vidare, særleg med tanke på barn og unge.

Nokre tema som kan vere aktuelle å sjå nærare på, er:

- **Møteplassar og aktivitetar:** Finnst det nok stader der ungdom kan møtast og vere saman, også utanom organiserte fritidsaktivitetar? Er det behov for nye eller andre typar møteplassar?
- **Sentrum:** Korleis kan sentrum bli meir attraktivt for ungdom? Er det aktivitetar, tilbod eller funksjonar som manglar i dag, og som det bør vere mogleg å etablere i sentrum?
- **Idrett, friluftsliv og uteområde:** Er områda for idrett, leik, friluftsliv og annan aktivitet godt nok plasserte og tilgjengelege? Er det område som er spesielt viktige for ungdom, og som bør takast vare på eller utviklast vidare?
- **Å gå og sykle:** Er det trygt og enkelt å gå eller sykle mellom bustadområda, sentrum, skulen, idrettsanlegg og andre møteplassar? Er det behov for betre gang- og sykkelveggar, kryssingar, belysning eller andre tiltak?
- **Tryggleik:** Er det stader på Vinstra som ungdom opplever som utrygge? Kan betre belysning, utforming eller trafikktryggleik gjere desse stadene betre?
- **Bustader og framtidens Vinstra:** Kan planen bidra til at ungdom får høve til å bli buande på Vinstra eller flytte tilbake etter utdanning? Er det behov for ulike typar bustader?
- **Klima og miljø:** Blir det lagt godt nok til rette for at det skal vere enkelt og attraktivt å gå, sykle og bruke kollektivtransport? Er det viktig for ungdom å ta vare på bestemte natur- og friluftsområde?

Dette er berre døme på tema. Ungdomsrådet står fritt til å uttale seg om alle delar av planforslaget. Rådet kan gjerne peike på konkrete område, stader eller tiltak dei meiner bør endrast, takast vare på eller utviklast vidare.

Konklusjon

Kommunedirektøren legg forslag til kommunedelplan for Vinstra fram for Ungdomsrådet som høyringsinstans.

Eventuelle innspel frå Ungdomsrådet vil følgje den vidare behandlinga av kommunedelplanen.

Kommunedirektøren i Nord-Fron
Elin Sofie Fjeldberg